

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### TITTELBLAD Leikanger ungdomsråd

Møtestad: <b>Formannskapssalen</b>	Møtedato: <b>30. januar 2009</b>	Frå kl.: <b>0900</b>	Til kl.: <b>1100</b>
Møteleiar :	<b>Kristian Slinde</b>		
Møteinncalling: (kunngjering):	<b>23.01.09</b>		
Representantar som er borte:			
Vararepresentantar som er til stades:			
Til stades:	<b>I alt: 4</b>	<b>Av desse 0 vararepresentant</b>	
Andre framømøte:	<b>Tenesteleiar Ole Opheim Røthe</b>		
Saker som vart handsama:	<b>Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 01/09 – 02/09</b>		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	<b><i>Kristian Slinde</i></b> (sign.) <b><i>Aina Salberg</i></b> (sign.) <b><i>Maria Sæbø Nes</i></b> (sign.) <b><i>Birte Fossheim</i></b> (sign.)		

## MØTEPROTOKOLL

## Leikanger ungdomsråd

---

Møtestad: **Formannskapssalen**

Møtedato: **30.01.2009** Tid: **09.00**

---

### SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr.</b>	<b>Tittel</b>
1/09	09/43	<b>Orienteringar</b>
2/09	08/417	<b>Retningsliner for Næringsfond for ungdom</b>

1/09

## Orienteringar

### TEMA:

#### 1. Allmøte for ungdom

Ungdomsrådet tok opp under sak om orienteringar temaet Allmøte for ungdom i møte 03.12.08, LUR-sak 01/08.

Rådet ønskjer å skipe til eit allmøte i februar. Det finst ingen referat eller liknande frå allmøte som er halde tidlegare. Rådet bør arbeide vidare med førebuingar til eit allmøte på møtet den 30. januar.

***Leikanger ungdomsråd skipar til allmøte for ungdom 11. mars på Fjordkroa. Det vert lagt ut info og plakat på kommunen si heimeside.***

#### 2. Ungdomens kulturmonstring (UKM) i Leikanger

Leikanger kommune skipar ikkje til Ungdomens kulturmonstring (UKM) i år. Grunnen er den svært låge deltakinga dei siste åra og kostnadene til deltaking sett i høve til dette. Kommunen må saman med Leikanger ungdomsråd drøfta den låge deltakinga for å sjå om noko kan gjerast for å få fleire med i UKM i kommunen. Om kommunen ikkje deltek eit år får ingen ting å seie for deltaking dei neste åra.

***Saka vil verte drøfta på eit seinare møte i ungdomsrådet. Saka vil då verte nærare utdjupa.***

#### 3. Møtedatoar for 2009

Rådet skal setje opp møtedatoar for 2009. Det bør vere samanheng mellom møta for elevrådet på ungdomsskulen og ungdomsrådet og rådet bør og sjå møta sine i samanheng med formannskap/kommunestyre. Datoar for formannskap/kommunestyre vert lagt fram på møtet.

***Møta til ungdomsrådet vert knytt til møta til kommunestyret. Ungdomsrådet får tilsendt møteplan for kommunestyret.***

2/09

## **Retningslinjer for Næringsfond for ungdom**

**VEDTAKET lyder slik, SAMR.:**

**Leikanger ungdomsråd utarbeider framlegg til retningslinjer som vert sendt over til formannskapet for godkjenning.**